



ÅRSMØTE SIRDAL BYGDEKVINNELAG, Lemmen te Helga, 28.10.21

Det møtte femten (15) personar på årsmøtet.

Sirdal

1. Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjend

2. Val av møteleiar

Tone Østtveit Kvinen vart vald til møteleiar

3. Val av referent

Åse-Berit Fidjeland vart vald til referent

4. Val av to medlem som saman med møteleiar skal underteikna protokollen

Helga Hadland og Eva Snarli vart valde til å underteikna møteprotokollen saman med møteleiar

5. Handsaming og godkjenning av årsmelding

Sekretæren gjekk gjennom årsmeldinga, vedlegg 1, og årsmøtet godkjende meldinga.

Det vart stilt spørsmål ved kontingenfordelinga, og Solveig Marie Ådneram forklarte årsaken til vedtaket på landsmøtet i 2018. Samstundes kom det fram at m.a. AGROL-avtalen er ein god grunn til å vera medlem i bygdekvinnelaget.

6. Handsaming og godkjenning av rekneskap

Kasseraren gjekk gjennom rekneskapen, og informerte om at støtta frå Lotteri- og stiftelses-tilsynet gjer at SBK går i pluss dette året. Sirdal bygdekvinnelag er registrert i Frivillighetsregisteret med organisasjonsnummer, og kunne dermed søkja om støtte etter å ha utsett basaren.

Kasseraren presiserte at kr. 2090,- i kassen er kontantar innbetalt etter sal av lodd til basaren som vart utsett, og dette må tas med når basar vert gjennomført.

Rekneskapen vart samrøystes godkjent av årsmøtet, vedlegg 2 og 3.

7. Vedta budsjett for 2022

Ein er framleis litt usikker på kva som kan gjennomførast, men trur eit budsjett som i år er realistisk. Ein satsar på tilskot frå kommunen.

Budsjettet vart samrøystes vedteke, vedlegg 4.

8. Forslag til aktivitetar i 2021/2022

a) Forslag til aktivitetar

Sjå vedlegg 5 for som kom fram i årsmøtet både skriftleg og munnleg

- "Ein kan tenkja seg å vera med på alt når ein ser programmet, så det gjer ingen ting om ein gjer det same som på årets plan."
- Ein aktivitet i månaden...

b) Korleis organisera Bli kjend i bygda-turane og kor skal dei gå?

Trass mange deltakrar, har me ikkje fått nye medlem pga. bli kjend-turane, men me har fått svært mykje og positiv profilering. Det er fleire som har kommentert kvifor dei skal

melda seg inn i bygdekvinnelaget når turane er opne for alle, og det kan ein lura på. Me bør nok passa på å selja/framsnakka medlemsaktivitetane på turane.

Årsmøtet er samde om at turane skal vera opne for alle, for dette er ein måte å yta til fellesskap og inkludering. Ein må bruka FB aktivt både for turane og andre aktivitetar.

Det var ynskje om å ikkje alltid setja turane opp frå sør til nord, men litt i hytt og vær, og at turane var maks to (2) timer. Forslag til turar på vedlegg 6.

c) "Årets kvardagshelt"

Leiaren ynskjer å synleggjera personar som arbeider i det skjulte og er litt "usynlege". Ho ser for seg at medlemmene har auger og øyrer opne, og kjem med forslag til personar før årsmøtet, og at "Årets kvardagshelt" blir markert på årsmøtet.

Det bør vera kriterium for tildelinga, og Åse-Berit Fidjeland las opp teksten frå ein kopp dei hadde fått inspirasjon frå, der kriteria er latter, kunnskap, humor, omsorg, forståing, trøyst, at personen alltid er der og bry seg om alle rundt seg.

Dette var årsmøtet for, samstundes som nokon meinte ein måtte halda på å ynskje nye innbuarar velkomne med ei blomehelsing og informasjon. Det er ei utfordring, for ein veit ikkje alltid kven som har flytta til eller om dei er sesongarbeidarar eller lengebuande. Det førre styret har diskutert om ein kan arrangera ein nyinnflytta-dag saman med ulike næringslivsaktørar.

9. Innkomne saker

a) Positiv bygdeutvikling

Leiaren informerte kort om "Positiv bygdeutvikling" som har fokus på busetjinga som går ned i kommunen og kvifor det ikkje heller er vekst med mykje hytteutbygging. Kvifor vart det ei "folkerøysting" våren 2020? Det handlar om kommunikasjon og informasjon. Det viktigaste å erkjenna er at kommunen har fått därleg omdømme og skandaleoppslag i det siste. Då er det viktig å dra saman, for mange er glade i bygda som har mange ressursar og pengar.

Det har vore møte med personar frå Sirdal kommune, Sirdalsferie, næringsforeininga, Sirdal bondelag og varaordføraren. Midt oppi alt dette kom samskapingsprosjektet. Eit prosjekt som byrja i Flekkefjord og ein tilsett på Tjørsvågheimen som hadde ein idé som ho fekk med kommunen og andre samarbeidspartar for å realisera. Poenget er å ta imot gode forslag og kommentarar frå innbuarane. Dermed går SBK sitt prosjekt inn i samskapingsprosjektet leia av Ruth Lillian Hompland og Ingeborg Selma Kvæven. Det er viktig at Sirdal BK følgjer opp, sjølv om det ikkje er sett ned noko formalisert gruppe. Det er tenkt å starta prosjektet med ein dag/ happening med føredragshaldar for tilsette, lag og foreiningar, der det blir paneldebatt, utspørjing osb. Tone Ø. Kvinen siterte Victor Norman som seier at folk i små bygder er ein utdøyande rase.

b) Hald Sirdal rein

Eva Marianne Tennfjord fortalte kort om initiativet for å informera om forsøpling på Tonstad. Ho har samla representantar frå Sirdal bondelag, næringslivet, vidaregåande skule, ungdomsrådet, samskapingsgruppa m.fl. for idédugnad i grupper og debatt om korleis løysa problemet med mykje søppel. Hugs at kvar enkelt er ambassadør på sitt område!

10. Val av nytt styre

Det var ein frå valkomiteen til stades, og forslaget deira vart godkjent ved akklamasjon, vedlegg 5, og nytt styre er:

Åsne Lilledrange Fjeldsaa: Nyval for to (2) år

Helga Hadland: Eitt år att

Frøydis Kvinen: Nyval for to (2) år

Tone Østtveit Kvinen: Attval for to (2) år

Eva Marianne Tennfjord: Eitt år att

Siri Fidjeland: 1. vara - attval (eit år)

Eva Snarli: 2. vara - nyval (eit år)

Revisor: Anne Mette Hovland - attval (eit år)

Valkomité - dei som går ut av styret:

Åse-Berit Fidjeland og Anita Haugen

02.11.21, Åse-Berit Fidjeland (referent)

Tone Østtveit Kvinen
Tone Østtveit Kvinen (leiar)

Helga Hadland
Helga Hadland

Eva Snarli
Eva Snarli